



# LEIKANGER JAKT- OG FISKEKLAG ÅRSMELDING 2023

Årsmøte i Eivaldgjerde

torsdag 21.mars 2024 Kl.19:00



Foto: Leikanger jfl

Bildetekst: Fiskedagen med barnehagen i Pilavika.

*Jakt-, fiske- og friluftliv-glede til alle – for alltid!*

# ÅRSMØTE

I Eivaldgjerde 21.mars kl.19:00

## SAKLISTE:

### 1. Konstituering av møtet.

- Godkjenning av innkallinga.
- Godkjenning av sakliste.
- val av ordstyrar.
- val av sekretær.
- val av to medlemar til å underskrive protokollen.

### 2. Årsmelding.

### 3. Revidert rekneskap.

### 4. Innkomne saker.

Ingen innkomne saker.

### 5. Årsplan-aktivitetar 2024.

### 6. Styret sitt forslag på medlemskontigent i 2025.

- låg sats for hovedmedlem.

### 7. Val

- Styret.
- Utvalsmedlemmar.
- Revisorar.
- Valnemd.

### 8. Val av 3stk representantar til årsmøte NJFF Sogn og Fj.

Ingen representantar på årsmøte.

# Leikanger Jakt- og Fiskelag

## ÅRSMELDING 2023

**Styret** har i 2023 vore samansett som følgjer:

Leiar:	Svein Inge Lundheim
Nestleiar:	Ole Simen Nesdal
Kasserar:	Sverre Fjøsne
Sekretær:	Kjell Erik Strand
Kvinnekontakt:	Ingeborg Sivertstøl
Leiar jaktutval:	Bjarne Sjøthun
Leiar fiskeutval:	Eivind Røysum
Leiar skyteutval:	Per Norstein
Leiar barn- og ungdomsutval:	Camilla Njøs
Leiar hundeutval:	Bjørn Monsen
1.Varamedlem:	Kristian Slinde
2.Varamedlem:	Frode Ølmheim
3.Varamedlem:	Herdis Berge

Ved årsskiftet hadde laget 301 medlemmer. Det er ein auke på 51 medlemmar i 2023. Årsaken til auken er mange nye «familiemedlemskap».

### Møte og samlingar:

Årsmøte til Leikanger jfl den 10.mars, var arrangert i skyttarhuset i Eivaldgjerde med 11 medlemmar. På årsmøte vart det vedteke nye vedtekter.

Regionsårsmøte kombinert viltseminar 24.-26.mars Scandic Sunnfjord Hotel. Desse var med: Bjarne Sjøthun, Frode Ølmheim og Kim Vidar bakken.

Leikanger jfl har vore representert i Sogn og Fjordane NJFF i året som har gått. Frode Ølmheim er 2.vara til styre og Atle Lunde er medlem i jakttskyttarutvalet.

Bjarne Sjøthun er medlem av styret i Leikanger Frivilligsentral.

### Generelt:

Også i 2023 kan me konstantera at covid-19 har slept taket og aktivitetane går som normalt utan avlysingar. Mesteparten av inntektene har kome i form av tilskot til ulike aktivitetar, sjå nedanfor.

### Gåver, tilskot og dugnadsinntekter:

Ei stor takk til våre samarbeidspartnarar som me har fått tilskot/støtte frå:

• Norsk Tipping - Grasrotandelen	25 415,-kr
• Mva-kompensasjon	20 001,-kr
• Leikanger Frivilligsentral – SommarMoro og rekrutteringskyting	15 355,-kr
• NJFF- Jakttskyttarskule	15 000,-kr
• NJFF- «Fiskesommer»	8 000,-kr
• NJFF- Frifond - Barn- og ungdomsaktivitetar i 2023/24	48 616,-kr
• Osland Havbruk – 15 regnbogeurar (a 4-5kg)	ca. 7 500,-kr

Regnbogeurane vart salta og røykt av Kjetil Berg og delt ut til tillitsvalde og aktive pensjonistar til jul.

I tillegg vil laget rette ei stor takk til E. Røysum og andre bedrifter som bidreg med støtte til lagsarbeidet vårt.

### **Nødvendige innkjøp og utgifter:**

- Hjorteløyver i Huksdalen (9stk)	27 000,-kr
- Div. rifleskot	8 250,-kr
- Div. fiskeutstyr (fiskesommer, barnehagen og SomarMoro)	20 500,-kr
- Hønehauk	10 000,-kr
- If-forsikring	22 558,-kr
- Straum til Syril: 24 843,-kr (2022) + 8 042,-kr (2023)	32 885,-kr
- Lagsjakker m/logo	53 075,-kr
- 2 stk hagler	24 000,-kr
- Instruktørkurs hagle (4stk) og rifle (3stk)	17 500,-kr
- Straumtilknytning til Sygnir på Kleppa	91 060,-kr
- 2 stk ytterdører: 14 335,-kr + 42 387,-kr (forsikringsak)	56 722,-kr

### **Kurs, trening og konkurransar:**

- Jegerprøven (24stk + 1stk på 1.samling og 2stk på 9.samling))
- Predatorkonkurranse.
- Rifleinstruktørkurs i lag med NJFF-Sogn og Fjordane
- Hagleinstruktørkurs i lag med NJFF-Sogn og Fjordane
- Hagleskyting.
- Jakttskyttarskule hagle/rifle kal.22
- «Indre Sogn cup» jegertrapstemne 50skot.
- Aversjondressur (17stk 1.gong + 9stk fornying)
- Blodspor AK- bevegeleg (7stk)
- Ferskspor FSP- bevegeleg (5stk)
- Blodspor – kveldsprøve (5stk AK + 1stk EK)
- Åtejakt på rev.
- Fellefangst på mår
- Vårsprellen- sjøfiskekonkurranse.
- Fiskekonkurranse på Fjærlandsete.
- Duellen (hagle-rifle-pistol)
- Bygging av «Haugen slagfella"(7stk)
- Hjortejakt-opplæringsjakt.

På leirduebana har det vore skyting på vanleg jegertrap og sporting. Instruktørar og standplassansvarlege på leirduebana har vore: Erlend L. Røysum, Erik Svangstu, Frode Ølmheim, Kristian Slinde, Ole Simen Nesdal og Joakim Langeteig.

På fiskekonkurransen på Fjærlandsete vart det delt 1.plass i juniorklassen mellom Espen Skarsbø Moum og Oliver Velle med 4 aurar kvar.

Sigbjørn Velle vart vinnar av seniorklassen med 14 aurar. Kjetil Berg fekk den største auren på 423 gram sløgd.

I vårsprellen vart Magnar Sterri vinnar av seniorklassen(båt) med ein samla fangst på 5940 gr. Gisle Storøstevik vann seniorklassen(land) med ein samla fangst på 335gr. Roald Storøstevik vart vinnar av juniorklassen(land) med ein samla fangst på 2075gr. Andre Stølen Synnevåg vart vinnar juniorklassen(båt) med ein samla fangst på 565gr. Magnar Sterri fekk størst fisk, ein steinbit på 5040 gr, som også gav det 3.nappet i vandrepokalen som han fekk til «odel og eige».

I duellen vart Kjell Næss vinnar totalt med 65 poeng. På leirduebana vann Kjell Næss med 20 treff. Med pistol vann Kjell Magne Brekken 23 treff. På 100m vann Arvid Brennsset med 247p. Skyttarlaget vann lagkonkurransen med 236poeng.

«Indre Sogn Cup» vart vunnen av Olav Vidar Melstveit med 90 treff.

I pridatorkonkurransen vart Rune Røysum nr.1 med 1145p. (3 rev, 8 mår, 3 røysekatt, 16 kråker, 10 skjorer), Jomar Slinde nr.2 med 830p. (14 mår, 2 mink, 3 kråker, 1 skjor) og nr.3 Kristian Slinde med 300p.(6 mår). Premiane var gåvekort hjå Erling Røysum a/s på 1300,-kr, 1000,-kr og 700,-kr Premiane vart sponsa av Erling Røysum a/s , Systrond Grunneigarleg og Leikanger Jakt- og Fiskelag med 1/3 på kvar. I tillegg vart det trekt ut skotørkar til Alexander Slinde og hengekøy til Frode Ølmheim.

17.august arrangerte Leikanger jfl ordinær blodsporprøve (kveldsprøve). 5 ekvipasjar gjekk AK og 1 ekvipasje gjekk EK. Resultat EK: 94 poeng (av 100 mulige) til Elin Anita Gjerde med Springer Spaniel, *Winston Kisses of Fire*. Resultat AK: 1.pr. til Odd Rune Våge med Alpinsk Dachsbracke, *NUCH Alma Basta* frå Sognoalosen. 1.pr. til Elin Anita Gjerde med Engelsk Springer Spaniel, *C.I.B.J Fjordgløtt Cream Dream-candy*. 1pr. til Ivar Samland med Norsk Elghund Grå, *Heggbrenna`s Gunda*. 2.pr. til Lars Ove Dulsvik med Basset Fauve De Bretagne, *Turbo*. 3.pr. til Bjørn Magnar Røyrvik med Nova Scotia Duck Tolling Retriever, *Aquas adorableTico*. Dommarar var Roald Lunde og Morten Norheim. Sporleggar var Leif Arne Stadheim.

Medlemar som er ettersøksekvipasjar i *Sogndal ettersøkslag*: Odd Rune Våge med Aura og Alma Basta, Erling Gjerde med Fjordgløtts Bonnie og Roald Lunde med Vossasvarten's B Anja og Skogsavarten`s Pippi.

Det har vore gjennomført 7 bevegelege blodspor og 5 bevegelege ferskspor. Dommarar har vore Odd Rune Våge, Roald Lunde og Elin Anita Gjerde.

## **Jaktprøvar, sporprøvar og utstillingar for hundar:**

### **Jaktprøvar:**

*Tuftahaugs Kniksen*: Eigar og førar Bjørn Monsen. 1.AK.

### **Sporprøvar:**

*Fjordgløtt Cream Dream-Candy*: Eigar og førar Elin Anita Gjerde. Norsk Blodspor Champion, 1.pr. AK. Godkjent Ettersøkshund.

*Winston Kisses of fire-Vipps*: Eigar og førar Elin Anita Gjerde. EK 94poeng.

*NUCH Alma Basta* frå Sognoalosen: Eigarar Ingeborg Sivertstøl og Odd Rune Våge, førar Odd Rune. 1.pr. AK

### **Utstillingar:**

*Fjordgløtt Cream Dream-Candy*: Eigar og førar Elin Anita Gjerde. Norsk utstilling Champion, Svensk utstilling Champion, Best in show 3 Nsk, Best in show bruks, Årets Engelsk springer spaniel på utstilling nr.6 på lista.

*Winston Kisses of fire-Vipps*: Eigar og førar Elin Anita Gjerde. Svensk utstilling Champion, Mellom tittel i: Lydigheit kl.1, Rallylydigheit kl.1, Bruks kl.D, Nr2 på Årets Allsidigheits spaniel på landsbasis.

## **Instruktørar, dommarar og taksørar:**

**Jegerprøveinstruktør**: Ole Simen Nesdal, Håkon Nesse, Per Norstein, Kim Vidar Bakken og Odd Rune Våge.

**Småvilttaksør**: Kim Vidar Bakken.

**Hagleinstruktør**: Nils Olav Langeteig, Svein Inge Lundheim, Kristian Slinde, Ole Simen Nesdal, Erlend Loftesnes Røysum og Frode Ølmheim.

**Instruktørar aversjondressur**: Kurt Langeteig, Bjørn Monsen, Bjarne Sjøthun, Frode Ølmheim,

**Rifleinstruktør**: Bjarne Sjøthun, Odd Rune Våge, Erlend Loftesnes Røysum, Lars Jonny Røysum, Nils Olav Langeteig, Frode Ølmheim, Erik Svangstu, Per Norstein og Jakob Holen Eikeland.

**Hagledommar**: Nils Olav Langeteig og Svein Inge Lundheim.

**Ettersøksdommar**: Elin Anita Gjerde, Odd Rune Våge og Roald Lunde.

**Fuglehunddommar jaktprøver**: Bjørn Monsen.

## **Utdanning av nye instruktører:**

**Grunnkurs jakthund:** Ingeborg Sivertstøl, Odd Rune Våge, Bjarne Sjøthun, Thomas Hagen Moene og Frode Ølmheim.

**Aversjondressur:** Thomas Hagen Moene treng aspirantarbeid for å bli godkjent som instruktør i aversjondressur.

**Dressur instruktør:** Ingeborg Sivertstøl treng aspirantarbeid for å bli godkjent som instruktør i dressur.

**Jegerprøveinstruktør:** Oliver Prøver er under utdanning.

## **Andre aktivitetar:**

Også i 2023 er ei lang rekke meir eller mindre tradisjonsrike arrangement gjennomført.

Desse er lista opp under.

Leikanger jfl har fortsatt «*partnarskapsavtale*» med alle 3 barnehagane i Leikanger.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden om hausten og fiskedag i Pilavika på våren. I Pilavika fekk alle barna utdelt kvar si nye haspelstang frå jakt- og fiskelaget.

Leikanger jfl har også inngått ein «*partnarskapsavtale*» med 7.klassen i Leikanger barneskule.

Aktivitetane som inngår i avtalen er garnfiske i Sognefjorden om våren og stangfiskedag i småbåthamna om hausten.

Den årlege stenden på «Fruktbare dagar» er svært populær og me deler ut mykje gratis smaksprøvar av vilt og fisk.

Når mange av desse aktivitetane går på dagtid er det godt å ha ivrige pensjonistar og andre i medlemsrekke som stiller opp og hjelper til. Stor takk til Åsmund Espe, Andor Orrestad, Per Harald Søvik, Sverre Fjøsne, Bjarne Sjøthun, Kjell Erik Strand, Per Norstein, Harry Eggum, Sverre Fossen, Bjørn Monsen, Arne Rosenlund, Kjetil Berg, Sven Erik Vestby, Rune Wolff, Kolbjørn Nord, Ole Simen Nesdal og Thomas Hagen Moene.

- Fiskedag med barnehagen i Pilavika. (Partnarskapsavtale).
- Garnfiske med barnehagen. (Partnarskapsavtale).
- Garnfiske med 7.klassen. (Partnarskapsavtale)
- Stangfiske med 7.klassen. (Partnarskapsavtale)
- Fiskesommer i småbåthamna: verving og utdeling av gratis fiskeutstyr til barna.
- SommarMoro.
- Stend på «Fruktbare dagar»

## **Andre tilbod til medlemmene:**

Leikanger Jakt- og Fiskelag har 15% rabattavtale for medlemmane hjå Ering Røysum as. (gjeld jakt-, fiske- og friluftsutstyr).

Store rabattar på leirduebana. Ordiner pris på ein serie skot og duer 130,-kr.

Medlemsprisar: Senior (f.o.m.20år)100,-kr, junior (t.o.m.19år) 60,-kr

Prisar på jakttskyttarskulen (kun medlem) senior 60,-kr og junior 40,-kr

Total prisrabatt for medlemmane vart ca.13 000,-kr

Aluminiumbåten som Leikanger jfl fekk tildelt av NJFF, har i 2023 vore brukt i 21 dagar.

Båten ligg på båt plass nr.83 i vestre hamn i småbåthama.

Leikanger jfl fekk tilbod på 9 stk hjorteløyver av grunneigarane i Huksdalen. Det vart jakta nesten kvar helg frå september og fram til jul av ca.10-12 jegrar og 7 av dyra vart skotne. Alt kjøtet er selt til jegrane og medlemmar. Hjortejakten i Huksdalen er godt egna til jaktopplæring.

I 2023 var det var 15 overnattingar inkl. dugnad i Trastadalshytta.

Lagshytta, grillhytta og leirduebana har vore leigt ut både til medlemmer, bedrifter og andre.

Samlinga av utstoppa dyr og fuglar i lagshytta på Kleppa består av: jerv, oter, raurev, gråspett, mår m/gauk i kjeften, sporvehauk, kattugle, tiur, nøtteskrike, 2 røysekattar, 2 dompappar, grønfink, storskarv, smålom, fossekall, 2 liryper, ravn, skjor, hornugle, orrhane, ekorn, siland, hjortekalv, kråke, orrhøna, grønspekk, nøttekråke, grevling, pinnsvin, hoggorm og hønsehauk.

## **Utvala i 2023**

### **FISKEUTVALET**

Leiar: Eivind Røysum  
Medlem: Gjermund Høgheim  
Medlem: Kjetil Berg  
Medlem: Andor Orrestad

### **JAKTUTVALET**

Leiar: Bjarne Sjøthun  
Medlem: Per Olav Henjum  
Medlem: Per Norstein  
Medlem: Tom André Husabø

### **SKYTEUTVAL**

Leiar: Per Norstein  
Medlem: Erik Svangstu  
Medlem: Frode Ølmheim  
Medlem: Erlend Loftesnes Røysum

### **BARNE- OG UNGDOMSUTVAL**

Leiar: Camilla Njøs  
Medlem: Jomar Leirdal  
Medlem: Inger Ness  
Medlem: Kim Vidar Bakken

### **HUNDEUTVALET**

Leiar: Bjørn Monsen  
Medlem: Odd Rune Våge  
Medlem: Vidar Frækaland  
Medlem: Elin Anita Gjerde

## LEIKANGER JAKT- OG FISKELAG

## REKNESKAPEN 2023

	2023	2022	2021	2020
<b>UTGIFTER</b>				
Medl.kontingentar	300,00	2 798,00	300,00	2 100,00
Kurs/møter/seminar/samlinger	39 414,83	20 732,50	3 890,00	7 698,00
Trastadalshytta	862,00	11 197,38	3 392,50	3 318,60
Drift leirduebane	36 706,24	77 775,00	52 412,00	3 147,00
Drift lagshytte	135 297,52	26 372,45	11 816,30	16 618,65
Nybygg/dugnadsarbeid	56 723,44	0,00	0,00	50 231,13
Jakt og fangst	34 602,87	37 307,70	26 829,00	33 337,70
Barn/ungdoms/familieaktivitet	24 528,30	18 806,24	16 560,05	21 636,90
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	7 498,75	6 750,00	3 985,00	7 020,00
Dyrefor	0,00	0,00	0,00	26 673,00
Diverse utgifter	113 571,69	50 794,05	57 109,99	149 073,26
<b>Sum utgifter</b>	<b>449 505,64</b>	<b>252 533,32</b>	<b>176 294,84</b>	<b>320 854,24</b>

## INNTEKTER

Medl.kontingentar	16 260,20	12 130,00	11 550,00	9 900,00
Kurs/møter/seminar/samlinger	70 870,00	36 500,00	43 283,52	3 825,00
Trastadalshytta	2 000,00	2 397,90	2 250,00	1 800,00
Drift Leirduebane	26 335,10	25 281,62	12 779,78	10 801,65
Drift lagshytte	4 764,74	15 000,00	6 950,00	5 000,00
Nybygg/dugnadsarbeid	0,00		0,00	0,00
Jakt og fangst	24 110,00	38 818,25	29 091,00	26 785,00
Barn/ungdoms/familieaktivitetar	86 950,50	92 636,00	22 602,00	55 065,00
Fiske-, hund- og jenteaktivitetar	21 797,79	11 811,75	6 014,90	6 589,25
Diverse inntekter	24 398,90	16 481,00	87 033,00	25 787,96
Sponsor/Gaver/Norsk tipping/Bingo	24 998,69	57 985,56	26 159,32	34 821,22
<b>Sum inntekter</b>	<b>302 485,92</b>	<b>309 042,08</b>	<b>247 713,52</b>	<b>180 375,08</b>

<b>Overskot/Underskot</b>	<b>-147 019,72</b>	<b>56 508,76</b>	<b>71 418,68</b>	<b>-140 479,16</b>
---------------------------	--------------------	------------------	------------------	--------------------

## AKTIVA PR 31.12.2023

Sparebanken Sogn og Fjordane	500 610,73	635 668,45	578 966,69	493 085,99
Flugestenger, haspelstenger og div.fiskeutstyr	13 648,00	15 165,00	16 850,00	18 722,70
Skot, duer, premiar, artiklar for sal	129 503,50	174 126,00	150 652,00	127 727,00
3 stk lavvo, div.leirutstyr, feller og flugebittingutstyr	11 057,00	12 285,00	13 650,00	15 168,60
Lagshytte, 3 stk kastarhus, vedhus-lager og grillhytte	1 930 000,00	1 930 000,00	1 930 000,00	1 930 000,00
Leirduekastarar m/ utstyr, omformarar (220/24V)	234 000,00	260 000,00	82 712,00	91 902,00
Videospelar, overhead, stativ, lerret, vakum, laminering	3 600,00	4 000,00	3 905,00	4 338,90
DVD, 1 stk projektorar, høgtalaranlegg, skrivar/kopi, 2 stk PC	9 900,00	11 000,00	11 787,00	13 097,70
7 stk hagler, luftgevær, salong	43 000,00	19 000,00	19 201,00	21 335,40
Utstoppa dyr og fuglar	364 000,00	350 000,00	74 511,00	82 791,90
2 stk el-halsbånd, 2 stk viltkamera	5 400,00	6 000,00	9 913,00	11 015,10
Boggihengar, Quicktelt	22 500,00	25 000,00		
Sjøbod, Båt plass, 4hk. påhengsmotor	140 000,00	140 000,00		

<b>Sum aktiva</b>	<b>3 407 219,23</b>	<b>3 582 244,45</b>	<b>2 892 147,69</b>	<b>2 809 185,29</b>
-------------------	---------------------	---------------------	---------------------	---------------------

**NB ! Konstnader ved bruk av VIPPS utgjør for 2023 kr. 646,17 ( Vipps-omsetning er kr. 36.915,- )**

Signatur Kasserar: *Torodd Høp*

Signatr Revisor: *Svein Erik Vestby / Rindal Esje*

Stad / Dato: *Hermanavik 15/2-24*

Stad / Dato: *Hermanavik 24.2.24*

*Rekneskap kontrollert. Ingen merknader.*





## Planlagde aktiviteter i 2024

- 3.mars: Isfisketur til Dalavatnet.
- 7.mars: Fuglekassebygging.
- 14.mars: Fuglekassebygging.
- Trening med kal.22 i ungdomshuset.
- 1.april: Oppstart ny predatorkonkurransen.
- 7.april: Jaktfelt på Engjasete.
- 12.-14.april og 26.-28.april: Jegerprøven.
- Jaktskyttarskule: hageskyting (10 gonger)
- Leirdueskyting onsdagar etter påske.
- 12.mai: Livet i Pilavika.
- 22.-23.mai: Garnfiske med 7.klassen.
- 26.mai: Indre Sogn Cup (50 skot jegertrap)
- mai: Aversjondressur.
- 28. mai: Fiskedag i Pilavika med barnehagen.
- 2.juni: Vårsprellen.
- Blodspor - bevegeleg.
- Ferskspor - bevegeleg.
- 16.juni: Fiskesommer.
- 2.juli: SommarMoro. (Frivilligsentralen)
- 2.juli: Fiskedag med personar med innvandrarbakgrunn i lag med Frivilligsentralen.
- Jeger trening på leirduebana.
- 3.august: Fiskekonkurransen på Fjærlandsete.
- 16.-18.august: Friluftsløp for ungdom (11-16 år) Lyngmo Hafslø
- 17.august: Duellen.
- 17.august: NFU-aktivitetar i båthamna.
- Sep/des: Hjortejakt-opplæringsjakt.
- 7.sep: Introjakt - hjortejakt.
- 18.-19.sep: Garnfiske med barnhagen.
- 26.sep: Stangfiske i Sognefjorden med 7.klassen.
- 5.Okt: Stend på «Fruktbare dagar».
- Sep/okt: Aversjondressur.
- 26.okt: Introjakt - hjortejakt.

# Styret og tillitsvalde i Leikanger Jakt- og Fiskelag 2023

Forklaring: A = på val 2024 (2 års periode) B = ikkje på val 2024

## Styret:

Kategori:	Verv:	Namn:	Forslag:	Telefonnr.:
A (1år)	Leiar	Svein Inge Lundheim	<i>Attval</i>	90605267
A	Nestleiar	Ole Simen Nesdal	<i>Attval</i>	99607677
A	Kasserar	Sverre Fjøsne	<i>Attval</i>	90639848
B	Sekretær	Kjell Erik Strand		95191905
A	Kvinnekontakt	Ingeborg Sivertstøl	<i>Camilla Njøs</i>	97106904
B	1.varamedlem	Kristian Slinde		97701905
A	2.varamedlem	Frode Ølmheim	<i>Attval</i>	41909707
B	3.varamedlem	Herdis Berge		41404149

## Jaktutval:

A	Leiar	Bjarne Sjøthun	<i>Attval</i>	90957245
A	Medlem	Per Olav Henjum	<i>Attval</i>	91333305
B	Medlem	Per Norstein		48182680
B	Medlem	Tom André Husabø		90886304

## Fiskeutval:

B	Leiar	Eivind Røysum		95927891
A	Medlem	Gjermund Høgheim	<i>Oliver Prøven</i>	48154373
B	Medlem	Kjetil Berg		90277167
A	Medlem	Andor Orrestad	<i>Attval</i>	90061485

## Skyteutval:

B	Leiar	Per Norstein		48182680
A	Medlem	Erik Svangsru	<i>Attval</i>	91561139
A	Medlem	Frode Ølmheim	<i>Attval</i>	41909707
B	Medlem	Erlend L. Røysum		95870045

## Barn- og ungdomsutval:

A	Leiar	Camilla Njøs	<i>Kim Vidar Bakken</i>	97092790
B	Medlem	Jomar Leirdal		91842974
A	Medlem	Inger Ness		92870410
B (1år)	Medlem	Kim Vidar Bakken	<i>Gisle Njøs Storøstevik</i>	45255241

## Hundeutval:


B	Leiar	Bjørn Monsen		90590848
B	Medlem	Odd Rune Våge		41295025
A	Medlem	Vidar Frækaland	<i>Attval</i>	95103226
A	Medlem	Elin Anita Gjerde	<i>Attval</i>	90953233

## Revisor:

A		Sven Erik Vestby	<i>Attval</i>	99252281
B		Åsmund Espe		90154551

## Valkomite:

A (1år)	Leiar	Frode Ølmheim	<i>Rune Wolff</i>	41909707
A (2år)	Medlem	Rune Wolff	<i>Ingvald Husabø</i>	95176553
A (3år)	Medlem	Ingvald Husabø		41556223



# Årsmøtoreferat Leikanger Jakt- og Fiskelag

21.mars 2024 kl.19:00 i Eivaldgjerde.

Desse var med:

Svein Inge Lundheim, Sverre Fjøsne, Frode Ølmheim, Elin Anita Gjerde, Rune Wolff, Ingeborg Sivertstøl, Odd Rune Våge, Kristian Slinde, Per Norstein, Ole Simen Nesdal, Harry Eggum, Bjarne Sjøthun, Yala C. Sjøthun, Kjell Erik Strand (14 stk)

## SAKLISTE:

### 1. Konstituering av møte.

- Godkjenning av innkalling.  
*Godkjend.*
- Godkjenning av sakliste.  
*Godkjend.*
- Val av ordstyrar.  
Svein Inge Lundheim
- Val av sekretær.  
Kjell Erik Strand
- Val av 2 til å underskrive protokollen.
  1. Harry Eggum
  2. Ingeborg Sivertstøl

### 2. Årsmelding 2023.

*Godkjend.*

### 3. Revidert rekneskap 2023.

Rekneskap for 2023 vart godkjend.

### 4. Innkomne saker.

Ingen innkomne saker.

### 5. Årsplan – aktivitetar i 2024.

Gjennomgang av planlagde aktivitetar i 2024.  
Lagt til: Parteringskurs – ivareta felt vilt (hjort)

### 6. Medlemskontigent 2025.

Ingen auke i medlemskontigent for 2025.

### 7. Val.

Innstilling frå valnemnda:

**Styret:**

Leiar:	Svein Inge Lundheim	attval(for 1 år)
Nestleiar:	Ole Simen Nesdal	attval
Kasserar:	Sverre Fjøsne	attval
Kvinnekontakt:	Camilla Njø	ny
2.vara:	Frode Ølmheim	attval

**Jaktutval:**

Leiar:	Bjarne Sjøthun	attval
Medlem:	Per Olav Henjum	attval

**Fiskeutval:**

Medlem:	Oliver Prøven	ny
Medlem:	Andor Orrestad	attval

**Skyteutval:**

Medlem:	Erik Svangstu	attval
Medlem:	Frode Ølmheim	attval

**Barne- og ungdomsutval:**

Leiar:	Kim Vidar Bakken	ny
Medlem:	Inger Ness	attval
Medlem:	Gisle Njøs Storøstevik	ny (1år)

**Hundeutval:**

Medlem:	Vidar Frækaland	attval
Medlem:	Elin Anita Gjerde	attval

Revisor:	Sven Erik Vestby	attval
----------	------------------	--------

**Innstilling frå styret på valnemnd:**

Leiar :	Rune Wolff	(1år)
Medlem:	Ingvald Husabø	(2år)
Medlem:		(3år)

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å finne nytt medlem i valnemnda.

Alle val vart gjort i samsvar med innstilling frå valnemnda.

**8. Val av 3 utsendingar til årsmøte i NJFF-Sogn og Fj.**

Ingen påmelde frå laget.

Årsmøtet slutt kl. 20:00

Etter årsmøte var det servering av hjortekarbonade laga av Kjetil Berg og syning av jaktfilm frå Kalahariørkenen av Per Norstein ca. 20min.

Underskrift:



Harry Eggum



Ingeborg Sivertstøl